

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 7

Arna August 1969

2. årgang

Frå Gudsordet

Eg vil lova Herren kvar dag og syngja om det han gjorde for meg. Eg fegnast avdi Gud bryr seg um med arme menneke.

Eg vil at småfolk i naud skal høyra det og gle seg med meg.

Eg søkte etter Gud, tala til han og venta svar. Då høyarde han på meg og fria meg frå otten min.

Han som vender seg til Gud får ein ljóske av Guds glans, andlitet strålar i glede.

Her er eg. Høyr kven som vil. Eg er ein arming som ropa til Gud. Han høyarde meg og hjelpte meg or mi naud.

Kom med handi og prøv kor god Herren er. Sæl kvar den som finn veg til hans hjarta. Sæl kvar ein som flyr til han.

Herren er nær hjå dei som er vonbrotne yver seg sjølve. Han hjelper dei som bryts ned av si skuld (— slik lastdyret fell saman når dei lesser for mykje på) og tek burt skuldi frå deira hjarto.

Mangslags trengslor kjem gudsborni inn i, men aldri er dei åleine der i si naud.

Herren gjev borni sine frihug. Han løyser ut or all skuld og let dei byrja att på vegen sin med glede.

På innstig i Hå prestegard til prestefolket der

Huslyden Holm kring 1900

Midtveges Stavanger — Egersund og berre 100 m. frå strandi ligg Hå prestegard med hardt vestaver innover seg vinterstid. Stundom med ulukkesbod og uhyggje, men med blomeange og lerkesson sumarstid.

Her rådde og rikte Karenos Theodor Holm i 20 år. Han kom frå Askvoll 1886 med kona og 9 born. Med gilde naboars hjelp og på skranglute vegar, på enkle køyredoningar, nådde dei fram til Hå og steig inn i den romslege garden. 10 rum i huset som var yver 100 år. Ikkje alle så fine istand. I uver når regnet piska laut dei endå ha paraply yver seg når dei skulle til sengs. Det var på lemen der gutane skulle sova. 7 hestar og 20 naut høyrde til og 80 sauer. Vindmølla på tunet. Laksefisket i Hæelvi gav god drott og nøring til dei store bord der det alltid var mange munnar å metta. Frå Steinhølen drog dei mange laksar. Men og frå sjøen vart det henta gode fangstar med kilenot, kastenot, på nattsett og «rek». Laksakarar stod for ansvaret her, men gutane laut hjelpa til, og dei såg som ei sers æra få vera med på slikt.

Hagen var fin og nyttig. Berhagen med rikelege stikkelsber var grunnlaget for fru Cesilie sin namngjetne vin. Men vinden herja i blomstersengene, og frua var millom dei som hadde «kjærleik nok». Ho fekk det til veksa så det vart fint og trivelegt. Lysthus bygde dei, matnyttige rotvokstrar planta dei i store senger og rosebuskar blømde.

Tunet med alle hus var fin leikeplass for borni. Gøymser for trebonsing, krokket, jepping, ballspel. Dei slo på ringen, siste par ut, og i Vågen gjekk dei minste i laug,

medan dei eldre for til nærlandssanden. Men då laut dei ta nista med og saft. Men berre leik var det ikkje. Alt som små lærde dei gjera nytte for seg. Ugraslugging, «åla» poteter om våren, fylla huset med friske blomar. Saueklypping laut lærast.

Vinterkveldane var lange, men dei vart nytta til treskjerjing, lauvsag, teikning, saum, spøting. Gutane og lærde spøta sokkar til seg, og so var det høgtlesing. Ingemanns romanar — Valdemar Seierserien — Brørne Grimms eventyr frå gresk-romersk helletid. Walter Scott — Ivanhoe. Men gjentene lika best «Karsten og jeg» av Dikken Zwilgmeyer. Denne lesnaden deira vart god innføring i litteraturen og gav dei god nerk. Andre born på same tid slukte indianar-soger i tylftevis. Guvernante hadde dei med for lærdomen si skuld, og leksene laut dei læra. Men aldri fekk dei lesa lekser om sundagen. Då var dei med i kyrkja. Dei let ikkje vel yver far sin som predikant, men han fyllte kyrkja med fin song. Og dei mest nytta salmane lærde dei seg utanbok.

Ettersom borni vaks til vart dei sende til Stavanger på skulane der. Men dei var godt fyrebudde for faren sjøl hadde ført dei inn i latinen si verd. Berre sjeldan vitja han dei i byen, men han for då stundom inn til venen sin Jonas Dahl. Ein kveld kom då desse to på hybelen og spela «whist» med gutane. Då dei for att, vende Holm seg til guten sin med blunk i auga og sa: No går du ikkje kring på skulen og fortel at du har spela kort med 2 prestar.

Faren var helst ein streng herre og tukta borni sine tidleg. Men ikkje slik at dei fekk

kompleks. Mori gret då. Men tykte det laut gjerast. Det var enkel rettleiding i viktige prinsippale spursmål. Prestefolket sjølve veksla aldri eit uvenlegt ord. Aldri braut dei meiningar mot kvarandre — dei hadde eitt sinn. Men forelska var dei i ein annan alle dagar. Han klemde henne til seg så det kom rode på kinnet hennar. Ho blygdest for sine store born. På 80 årsdagen hennar samlast borni og det vart sagt då: «Det er ikkje alltid like lett koma frå ein heim som vår. For aldri kann me — når me har gjort noko gale — segja at me ikkje visste betre».

I 1935 var det og ei samling i Oslo. Ger-

hard, ein av dei 9, hadde konfirmasjon for einaste sonen sin, og heldt då tale for guten sin: «Du har vakse opp i ein heim der du aldri sakna noko av det du rimeleg kunne ynskja deg. Då eg var på din alder, hadde eg ikkje noko av dette. Vilde eg ha eit fotografiapparat eller ei fela, laut eg laga det sjølv. Likevel ville eg ikkje byta ein dag av din ungdom med det rike liv som me fekk liva i vår ungdom». Dei no vaksne borni frå Hå prestegard talast ved etter festen: Gerhard hadde rett.»

(Etter minner frå norske prestegardar).

Der steinane kan tala

Sjå på liljone på marki, sjå på fuglane under himmelen. Dei talar til oss og Vår Herre bad oss merkja oss vel talen deira. Koparslanger i øydemarki skal og tala — han skal minna oss om mykje dyr og kjær sanning. Regnbogen på himmelen likeeins. Og krossen. På so mange slags vis har Gud tala til oss — også gjennom teikn — om sin truskar, nåde og tilgjeving. Kyrkjelyden vert oppbygd ved teikn jamsides lesnad og ord.

No sumarstid når folk gjeng på kyrkjegarden vår og steller og vyrdsjar gravene, skal dei lata seg byggja opp. Turen der vil då verta endå kjærare for oss. Kyrkjegard — det er eit talande namn. Gard, hage, åker. Der ein sår og skal hausta. Nyskaping. Når ævesoli lyser ein morgon. Sjå på gravene nøgje og merk korleis alle føter og dermed og alle andlit er vende mot aust. Det er morgonsol! dei ventar på. Krossmerket står på kvar ei grav — vitnemål om at dei alle høyrde kyrkja til og hadde høyr «Ordet om krossen». Attåt dette skal då dei små krossane fortelja om dødsdagen. Stjer-

na fortel om fødingsdagen. Det er Betlehemsstjerna.

Sume steinar er avbrotne. Kvifor? Steinen talar då og. Om eit avbrote liv. Kom ihug kor kort livet er for deg og dine. Stundom finn me innskrifter og. Frå gamal nytta dei: «Det eg er, skal du verta. Det du er, har eg vori». På Søren Kierkegård si grav er å lesa vers av Brorson: «Der er en liten tid så har jeg vundet. Så er den ganske strid med et forsvundet. Så kan jeg hvile mig i rosendale — og uavladelig med Jesus tale». På John Haugvaldsstad si malmlata og gravminne i Stavanger står rita inn: Aab. 7.14.17. Me lyt lesa: Desse som er klædde i dei lange kvite kjolane, kven er dei, og kvar er dei komne frå? Herre du veit det. Dette er dei som kjem ut or den store trengsla, og dei hev tvege kjolane sine og gjort dei kvite i Lambet sitt blod. Og Lambet som er midt framfor kongsstolen, skal vakta dei og leida dei til livsens vasskjeldor, og Gud skal turka kvar tåra frå augo deira.

Stundom finn me og «timeglas» på steinane. Ein kyrkjegjest vil då skyna meiningi

her med. Og hugsar salmen dei song: «Tidi lider, tidi skrider. Tidi kverv og flyg so fort. Snart du fara skal og svara for ditt liv i smått og stort. Kvar du fer i verdi vide, Dauden alltid ligg på lur. På di avferd tenk i tide. Ho kan koma fyrr du trur.

Lampa er og eit gamalt kyrkjegardsmerke. Her minnest me nok Landstadsalmen: Hans brud eg er, hans ring er ber, hev lampa tendt, og hjarta vendt. Til han all heimens domar. Men slokna lampor kunne ein og stundom finna i eldre tid. Det var døden sitt symbol. Urna? Les me Preikaren si bok (kap. 12) skynar me den talen med. For der står om krukka som brotnar og gullskåli som gjeng sund. Tenk på din skapar i ungdomsdagane fyrr dei vonde dagan kjem og det lid til dei åri då du lyt segja: Eg likar dei ikkje. Den tid då husvaktarane skjelv og dei sterke mennene krøkjest, og dei som mel på kverni, sluttar med arbeidet, av di dei er vorte for få, og dei som ser ut gjennom gluggane, dimmes. Og baa gatedørene vert stengde, medan kvernduren spaknar og ikkje stig høgare enn til sporvekvitring, og alle songmøyane vert lågmælte. Då ein og er redd for kvar bakke, og skremslor lurar på vegen, og mandeltreet blømer, og grasshoppene karar seg fram. For menneskja fer til sitt ævehus og gråtarane gjeng alt og ventar på gata.

Samanlagde hender? Attersyn talar dei om, og venskap og kjærleik. Gøynd, men ikkje gløynd. Stundom finn me harpa og basun. Dei instrument som fylgde kyrkjelyden i salmesongen deira. Krans og krana. Den rundt formen talar om æva. Ver tru inntil døden så skal eg gjeva deg livsens krana. Og uvisnande krans. Palmegreini er og å finna på sume steinar — det er den me skal få halda på sigersdagen vår. Ei oppslegi bok? Då minnest me kva skrive stend: Og eg skal ikkje stryka namnet hans ut or livsens bok, og eg vil kjennast ved

namnet hans for Far min og for hans englar. Ankeret? Det er det som held i livsens og dødens stormar. Dua? Ho er på steinane noko onnorleis enn dei som me finn i kyrkjene. Då talar dei om Heilaganden. Men den vesle dua på gravsteinen er dua me les om i Noa si saga. Vatnet og flaumen er umme. Kvil i fred. Fakkelen som er endevend? Mest som du kveikjer ei stikka og lyt endevenda henne og, og verna henne med handi di for at ho skal loga og lysa. Summarfuglen som du og kan finna stundom. Ja då lyt du tenkja på larver og krek, men som ei natt vert omlaga og får dei finaste litene ein kan sjå. Sjå, eg gjer alle ting nye.

Opne kyrkjedører talar me om i våre dagar. Eg skynar dei som gjerne ville inn også vyrke dagen. Men opne kyrkjegardar har me og gode preiker fekk du høyra endå du ikkje høyrde det minste mælet. Men du gøynde det likevel i hjarta ditt.

Feriebrev

Alle dreg ut sumarstid. Me er eit reisande folk. Summe dreg til ukjende land og folk, andre vil helst gjesta den gamle grendi. Eg får helst rekna meg til dei siste, og soleis hende det at eg drog utyver til Herdla straks ferien kom. Der skulle det vera jubileum av ekstra slag. Konfirmantjubileum — 50 års. Dei som var frå 1919. 85 var dei ialt og mange hadde teke vegen til Herdla-kyrkja og sume kom frå bygder langt undan. Der skulle eg få vera med. Eg nådde 9-ferja på Sukkerhusbryggja og stemnde med «Askøy» til Kleppstø. Regnet sila og eg tenkte det vert ikkje noko fest. Men drog iveg til Skansen — så vart det vel råd koma yver sundet på einkarslags vis. Men bru byggjer dei, og sanneleg der steig 2 kvinnelege jubilarantar utpå fjølene og då fekk eg og mot og kom vel yver. Til «Hesthaugen»

der Egil Skallagrimson reiste si nidstong før han drog or landet. Kom noko blaut inn i kyrkja, men ingen nauda noko det vart høgtid og still glede. Og regnet stilna etterkvart. Jonas Haugland, klokkaren, helsa lyden vel møtt. Han var viss på dei hadde fenge god nista på vegen frå prestegardstid tid. Sjølv vert han 50 årsjubilar fyrst neste år, men han hugsar mykje att som hadde vore til hjelp og glede sidan. Salmane han lærde, gløynde han aldri. «Op, våk og bed, din sjel bered. Du vet dig aldri sikker. At du kunne drages ned i den ondes strikker Bruk ordets makt, giv nøie akt på hjertet hvor det vanker. Lær å holde hellig vakt, over dine tanker.

Å følge smukt, Guds nådes tukt når Anden vil dig minne. Holder verden utelukt-hjertefreden inne.

Et lite grand av surdeig kan all deigen gjennemsyre. Kommer gnisten først i brand, er den ond å styre. En tanke som i hjertet kom og som man litt lot råde. Har så titt gjort sjelen tom på Guds dyre nåde.

Det er misjonsprest Strønstad som har ansvaret for Herdla soknekall no. Si lengste tid har han vore i India og illustrasjonane i den gode preiki si henta han mykje derifrå, når han tala om veg til livet.

«Solrenning» heiter gjestestova på Herdla. Der vart det duka bord for jubilarane og gild stund vart det no og. Ragnhild Fauskanger fortalde om reis i Tyskland der ho hadde gjesta Mariasystrene og deira eventyrheim. Og so song ho fine songar attåt. Fine og morosame minner vart borne fram om reisene til Herdla. Då foreldri gøynde segli og ville heller at borni skulle slita og ro i bølgen enn heisa segl åt dei. Det fall slett ikkje i gutane sin smak. Dei rekna seg for sjøvande og ville heller ta friske bautar enn å resikera blomelter i nevene. 50 øre fekk dei med — det gjekk til ei fl. brus og bollar. Det fekk dei i Herd-

lesundet hjå Pål. Ein heldt og minnetale om presten deira — Anton Kleppstø. Han vart sidan prest i Fjalir og Aurskog, men gløynde aldri Herdla. Noko før han døydde, kom han på vitjing til sitt gamle sokn for «han laut endå ein gang få lov å vera med på ei kyrkjehelg» og trudde han fekk best oppliva det ute millom fiskarane i det gamle Herdla.

Men tidene skifter. Veg og bru skal opna Valen for turistar og telt. Fuglane lyt vel då fara sin veg og heilagdomen og seglmerke for sjøfolk vert vel ikkje meir det viktigaste for dei farande.

Kjærleiksdikt til federne våre

I.

*Rikdom du eig i sinne',
du med dei mange år:
Skatten av kjære minne
radt frå din ljose vår. —*

*Ser deg i barnedagar
verna av far og mor.*

*Knupp, som i solvind svagar,
ein gong når fagrast flor. —*

*Ser deg på foten, lette —
leikande kät og glad.*

*Ledug og svint deg smette,
lynande snåpt av stad.*

II.

*Du stod ein dag med ferdaskreppa —
sku' ta på livsens veg:*

*Ei tår, to hender, held og heppa —
og Gud må fylgje deg!*

So drog du ut for sjølv å røyne
det som i hildring låg.
Og alt ikring var bjart å øygna,
du kjendest glad og fjåg.

Det var so djervt, det unge motet,
og kvast det storma på.
Og framtøks-elden brann i blodet:
Du skulle siger få!

III.

Men hildringsblånen bleiknar bort,
og livet næktest av.
Du kanskje fann du kom til kort
for livet sine krav.

Lell spende fot og krøkte rygg;
du hadde heime lært,
og vann deg mang ein kneiken stygg
med alt du hadde kjært.

I motgong sjeldan snudde om,
det store var med deg.
Du ville me som etter kom,
sku' få ein betre veg!

Og stod du so ein glede-dag
med fot på eige tun,
du kjende varme hjartslag
gav eld til heimen, lun.

Du nådde langt og opp og fram,
det er dei sanne ord.
Med hugen heil og utan skam
bar elsk til land og jord!

IV.

No kvil deg etter slit på ferdi
med år stig fram or minnebok

So manst du møtte her i verdi;
og livet både gav og tok.

Men enn so hev du barnetruu —
ei tru som eig ei stjerna klår.
Ho vil deg lysa over brui
og inn til livsens æve-vår.

— — —
I dette lag de må dykk hyggja
med song og tale, drøs og snakk.
Me yngre vil dykk gjerne tryggja,
i det vår elsk, vår enkle — takk!

Martin A. Vatle.

Kyrkjelege handlingar

VIGDE I ARNA:

- 28.6. Magnar Helland — Inger Helene Kolstad. (Vigde i Johanneskyrkja).
28.6. Johan K. Garnes — Oddny Rønneseth.
28.6. Jan Kristoffer Haukeland — Randi Hansen. (Vigde i Fana kyrkja).
4.7. Terje Age Herfindal — Gro Brækhus.
5.7. Rolf Kippersund — Margunn Helene Sandvik.
5.7. Alfred Einar Mjelde — Eli Kristine Johannessen.
5.7. Birger Litangen — Anna Oline Haukanes.
12.7. John Rivenes — Judith Helga Aasheim.
19.7. Frank Owe Larsen — Marit Hjelmeset.
19.7. Henry Henriksen — Petre Wærnes. (Vigde i Stjördal kyrkja).
19.7. Arvid Johannes Sæterdal — Olaug Ashild Kaland.

- 26.7. Reidar Flatabø — Inger Astrid Velle. (Vigde i Ørsta kyrkja).
2.8. Ole Johannes Larsen — Magnhild Bjørg Wiken.
16.8. Oddvar Helge Tunes — Margunn Olaug Seim.
16.8. Kåre Hole — Kjellrun Konstanse Johansen Hope. (Vigde i Alversund kyrkja).
23.8. Gunnar Nesse — Aslaug Aaland.
- 11.5. Per Kristian, for.: Per Kristian Gjone og Turid f. Alden. (i I. Arna).
20.7. Eilif, for.: Formann Knut Nævdal og Kristin f. Følger.
27.7. Lars, for.: snikkar Kåre Aasheim og Torhild Dalland.
20.7. Atle, for.: tekstilarb. Alf Martin Olsen og Britt f. Mikkelsen.
20.7. Kristi Ursula, for.: sekretær Walther Friedrich Damminger og Sollaug Elisabeth f. Mikkelsen.
6.7. Annette Holm, for.: sjåfør Anfinn Hjortland og Bodil f. Holm.
13.7. Hans Christian, for.: sjåfør Norvald Norvik og Laila f. Jensen. (i I. Arna).
13.7. Vibecke, for.: kapt. Knut Larsen og Grethe f. Nordbø. (i Kirkenes).
3.8. Thorbjørn, for.: sjåfør Arna Hoff og Ingrid f. Kirkelid.
3.8. Eva, for.: tekstilarb. Malvin Sætrevik og Ingebjørg f. Øvretveit.

AVLIDNE:

- 21.6. sveisars enkje Hanna Randine Bakketun f. 1898.
29.6. gift slaktarm. Johan Hansen f. 1917.
2.7. blekkmakars kone Marie Palm Eliassen f. 1908.

DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:

- 14.6. Jan Georg. Foreldre: Leif Tveiterås og Ellinor f. Henriksen (d. I Arna).
22.6. Lars Kjetil, for.: Øyvind Holdhus og Ragnhild f. Sævarhagen.
22.6. Birthe, for.: maskinist Audun Leknessund og Reidun f. Andersen.
22.6. Anne Margrethe, for.: stud. Magne Ekanger og Edel f. Kleppe.
29.6. Tove Merete, for.: sjåfør Trond Eliassen og Marit f. Jensen. (i Andenes).
29.6. Anne, for.: Harald Fonn og Vigdis f. Eliassen. (i Korskyrkja).
5.7. Mona Jill, for.: maskinsjef Leiv Nordeide og Karen f. Kongshavn. (i Åsane.)
5.7. Frank Kobbeltvedt, for.: servise mann Audun Langeland og Aud f. Kobbeltvedt. (i Åsane).
- A, du som tok dei små i famn
og deim til hjarta lagde,
og døypte deim inn i ditt namn
og deim din fred tilsagde,
Tal med di hyrdingrøyst,
gjev lærdom, tukt og trøyst,
so aldri desse små
må vilt i verdi gå,
men himmelvegen finna.
- VIGDE I YTRE ARNA SOKN:
21.6. fabr.arb. Hermund Aasheim og kontorist Margit Karin Reigstad.
21.6. servise mann Arne Ariel Akselberg og elev Aud Hansen.
21.6. sjåfør Torstein Prestegård og kontorist Kjellaug Hannisdal.

Spar for framtida!

Ei bankbøk er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik. Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

BANK DET INN PÅ KONTO!

Arna Privatbank

- 14.6. montør Alf Berntsen og tekstilarb. Anne Margrethe Andersen. (i Skåtøy)
- 28.6. sjåfør Ole Rolland og sekretær Astrid Århus.
- 28.6. torpedomek. Jan Fure Braaten og husmorvikar Kjellaug Kjølven.
- 28.6. tekn.elev Knut Anders Bolstad og frisør Gunda Marie Horsfjord.
- 26.7. elev Svein Olav Sæther og sekr. Kitt Lovise Nordvoll. (i Andenes).
- 2.8. telegrafist John Sigvard Dyndal og kontorist Marit Revheim.
- 2.8. fiskar Gunnar Larsen og butikkjenta Wencke Kalland.

*Lat himmelstigen reisast der
og lat din ljose engleher*

*til vern um heimen skikkast.
Stend huset på den faste grunn:
på Livsens ord av Jesu munn,
då skal det aldri rikkast.*

Preikeliste for Arna prestegjeld

26. og 27. august:

Stiftsmøte på Hylkje: Emne og drøfting: Konfirmantfyrebuing. Kr. 45,— pr. døger.

13. s. e. tr. 31. august:

Arna: Soknepresten. Stemne for misjonssambandet. Intimasjon: Magnvald Mæstad, Sigurd Eide preikar.

Ytre Arna: Res. kap.

14. s. e. tr. 7. september:

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap. Nattverd.

15. s. e. tr. 14. september:

Prostistemna på Raknestunet.

16. s. e. tr. 21. september:

Br. v. g. 20/19.
Sundagsskulen sin dag.

Arna: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap.

17. s. e. tr. 28. september:

Arne: Soknepresten.

Ytre Arna: Res. kap.

18. s. e. tr. 5. oktober:

Arne: Res. kap.

Trengereid: Soknepresten.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.
Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.
Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —

frigusen

58402.

Lindås